

ER DU EIN AV DEI SOM FÅR NY ADRESSE INNAN 31.12.2014?

Tildeling av vegadresser:

Hemsedal kommune er godt i gang med adressering av alle bustad-, fritids-, nærings og offentlege bygg. Til no har dei fleste i kommunen hatt matrikkeladresse, som er adresse basert på gards- og bruksnummer. Men ei matrikkeladresse blir ikkje eintydig nok der det er ført opp fleire bygg på same eigedom. Av den grunn vil Staten bytte ut matrikkeladressene med vegadresser. Før ein kan tildele vegadresser må kommunestyret vedta vegnamn for alle vegar i kommunen. Eit omfattande arbeid med å finne høvelege vegnamn vart sett i gang av stadnamngruppa i 2008. Stadnamngruppa har innstillande mynde overfor kommunestyret. I vår kommune er det til no berre i bustadfeltet det er tildelt vegadresser. Mange vil dra nytte av at det blir innført vegadresser i kommunen. Dette gjeld mellom anna nødetatane (Ambulanse, Politi, Brann og redningsetat), Posten, Taxi og dei som driv med vareutlevering. Før ny vegadresse blir tildelt, skal kommunen sende ut varselbrev til den enkelte om adresseendringa.

Adresseringsprinsipp:

I Hemsedal er det fortløpande adressering etter vegar i bustadfelt og avstandsadressering for nær sagt alle andre vegar. Ved avstandsadressering vert adressenummeret fastsett ut frå avstand frå startpunkt veg (kryss). Mange vil difor få tildelt eit høgt adressenummer.

Eks: Ligg eit bygg 350 meter frå startpunkt for vegen, vil bygget få tildelt adressenummer 35 eller 36. Om bygget ligg på venstre sida av vegen vil adressenummeret bli 35, og om bygget ligg på høgre sida av vegen blir adressenummeret 36. I forskrift om adressering for Hemsedal kommune er det fastsett at det skal tildelast adressenummer partal på høgre hand og oddetal på venstre hand.

Adresseskilt:

Hemsedal kommune har vedtatt forskrift om adressering. Denne forskrifta gir retningslinjer for korleis adressenummer skal tildelast og korleis skilting av adresser skal utførast. Alle skilt skal ha svarte tal/bokstavar på kvit reflekterande bakgrunn. Denne utforminga er i samsvar med gjeldande standard og tilbakemeldingar frå nødetatane om kva for skilt som synest best uansett lys og verforhold.

Det er 3 ulike skilt som skal setjast opp: Vegnamnskilt, tilvisingsskilt og adressenummerskilt (=husnummerskilt). Oppsetjing av vegnamnskilt og tilvisingsskilt er kommunen sitt ansvar. Montering av adressenummerskilt blir den enkelte huseigar sitt ansvar. For at skilting av adressenummer skal bli i samsvar med gjeldande standard og vedtatt forskrift, har Hemsedal kommune valgt å forskottere bestilling og innkjøp av alle adressenummerskilt. Av den grunn bør ingen kjøpe inn husnummerskilt sjølv!

Kommunen vil organisere betaling og utlevering av adressenummerskilt veg for veg. Det blir då gitt meir informasjon om oppsetjing av skilta.

Tidsplan for adresseprosjektet:

Kartverket oppfordrar alle kommunar i landet til å gjennomføre adresseprosjekt. Det er eit sterkt ynskje frå Kartverket og nødetatane at adresseprosjekta vert prioritert av den enkelte kommune. Målet er at alle adresseverdige bygg i kommunen har fått tildelt vegadresser innan 31.12.2014.